

Øyvind Halse og Peder Haug (red.)

Prosjektet Kvalitet i opplæringa (KIO)

Tilbakemelding til skulane



Prosjekttittel	Kvalitet i opplæringa (KIO)
Prosjektansvarleg	Peder Haug
Prosjektleiari	Peder Haug
Finansiering	Noregs forskingsråd og Høgskulen i Volda
Redaktørar	Øyvind Halse og Peder Haug
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	0805-8075
Sats	Øyvind Halse
Teikning	Roar Hagen
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Prosjektgruppa har i fellesskap samla inn data og arbeidd ut rapportane. I KIO-gruppa har vore:

Roy Andreassen,
Irene Bele,
Grete Dalhaug Berg,
Lidveig Bøe,
Björg Eikrem,
Siv M. Gamlem,
Birgitte F. Grimstad,
Øyvind Halse,

Peder Haug,
Hilde Opsal,
Frode Opsvik,
Randi Myklebust,
Leif Bjørn Skorpen,
Arne Kåre Toppfol.
Synnøve Haug har assistert i
datainnsamlinga.

© Forfatar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfatar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfatar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfatar er ansvarleg for sitt arbeid.

Innhald

Innhald.....	3
Innleiing	4
Om prosjektet	4
Om datainnsamlinga.....	4
Resultat.....	8
Lærarsvar.....	9
Elevsvar	12
Foreldresvar.....	20
Klasseromsobservasjonar	25
Ein generell kommentar til resultatata	27
Oppsummering	27
Avslutning	28
Litteratur.....	29
Vedlegg. Spørsmåla/påstandane som inngår i skalaene.....	30
Spørsmåla/påstandane som inngår i skalaene for lærarar:	30
Spørsmåla/påstandane som inngår i skalaene for elevar 3. kl.:.....	31
Spørsmåla/påstandane som inngår i skalaene for elevar 6. kl.:.....	31
Spørsmåla/påstandane som inngår i skalaene for elevar 9. kl.:.....	32
Spørsmåla/påstandane som inngår i skalaene for foreldre/føresette:	34

Innleiing

Denne rapporten er ei tilbakemelding til dei skulane der prosjektet «Kvalitet i opplæringa – om tilpassa opplæring» har samla inn data. Å dele resultatata med dei som har levert data, var ein del av avtalen for å få kome til skulane.

Skulane tok i mot oss på ein god måte, og la godt til rette for datainnsamlinga. Vi fekk god hjelp til å informere elevar, foreldre og tilsette, og til å dele ut og samle inn skriv om samtykke til datainnsamlinga frå foreldra. Utan denne interessa og positive mottakinga frå skulane ville prosjektet ikkje vorte gjennomført.

Rapporten er delt i tre hovuddelar. I den første delen presenterer vi nokre opplysningar om prosjektet, om utvalet av informantar og om datainnsamlinga. I den andre delen legg vi fram dei sentrale hovudresultata, delt inn på skular og grupper/klassar. Dei to første delane er i hovudsak felles for alle skulane. I rapportane til kvar enkelt skule vert resultatata for skulen oppsummert i den tredje delen. I denne utgåva av rapporten er det der berre tatt med ein tabell som er utfylt i rapportane til dei enkelte skulane.

Målet er at desse opplysningane skal vere av interesse for skulane, og at dei skal kunne gjere seg nytte av informasjonane. Resultata vil gje ein peikepinn om kva som karakteriserer det arbeidet som blir gjort på skulane. Det er eit godt utgangspunkt å ta tak i, om ein vil gå vidare og sette i gang endrings- eller styrkingstiltak. Om skulane vil gjere det, og på kva område er sjølvstøtt opp til skulane sjølve.

Om prosjektet

Som ein del av Kunnskapsløftet arbeider ei gruppe tilsette ved Høgskulen i Volda med eit forskingsprosjekt med tittelen «Kvalitet i opplæringa - om tilpassa opplæring». Prosjektet er finansiert av Høgskulen i Volda og Noregs forskingsråd, Programmet «Praksisrettet FoU for barnehage, grunnsopplæring og lærerutdanning – PRAKSISFOU».¹ Ein fylldigare omtale av prosjektet er å finne på <http://www.hivolda.no/kio>.

Spørsmålet prosjektet skal svare på er dette: «Korleis er kvalitet i undervisninga forstått, praktisert og opplevd i skulen?»

Arbeidet i prosjektet krinsar rundt omgrepet tilpassa opplæring. Det vert lagt ein vid definisjon av omgrepet til grunn (Bachmann & Haug, 2006; Haug & Bachmann, 2007). Den er oppteken av dei generelle kvalitetane ved opplæringa. Dei kjem alle elevar til gode. Di betre dei allmenne kvalitetane ved opplæringa er, di fleire elevar får eit godt tilbod, og di færre treng tilpassa opplæring i den smale forståinga av omgrepet. Den handlar om å legge til rette arbeidsformer og læringsinnhald spesielt for enkeltelevar eller små grupper av elevar. Fordi vi legg den vide forståinga til grunn, må vi samle inn ein omfattande mengde informasjon frå opplæringa. Berre då kan vi få eit inntrykk av heilskapen.

Inspirasjonen til kva informasjonar det skulle spørjast etter, kjem frå fleire kjelder. Ei hovudsak har vore å ta utgangspunkt i den didaktiske trekanten, som ser på tilhøvet mellom lærar, innhald og arbeidsmåtar og eleven. Det har også vore ei viktig sak for forskargruppa å gå vidare på ei tidlegare undersøking omkring dei same spørsmåla (Haug, 2006).

Om datainnsamlinga

Prosjektet er todelt. Den første delen er ei omfattande kvantitativ datainnsamling. Den andre delen er grundige kvalitative nærstudiar av ulike område. Den kvantitative datainnsamlinga vart gjennomført skuleåret 2007-2008. I denne delen observerte forskarane i prosjektet 15 grupper/klassar på 3., 6. og 9. trinn samanhengande i ei veke, til saman 45 grupper/klassar. Den kvalitative delen av prosjektet vert gjennomført i 2009.

¹ Nettadressa til forskingsprogrammet: www.forskningsradet.no/praksisfou

Valet av klassesteg er gjort ut frå den gamle tredelinga i alderssteg (småskulesteget, mellomsteget og ungdomssteget). Observasjonane hadde som mål å studere kva elevane og lærarane brukte tid på i løpet av ein veke. For å undersøkje korleis elevane erfarte og vurderte opplæringa, svarte elevane i dei gruppene/klassane som vart observerte på eit spørjeskjema. Det gjorde også foreldra deira/dei føresette, lærarane ved skulane og skuleleiarane, for at vi skal få innblikk i korleis dei vurderer ulike sider ved arbeidet i skulen. Informasjonane gir synspunkt frå ulike hald på skulen. Data er ikkje objektive sanningar, men må heller sjåast på som ulike innspel frå ulike aktørar. Informasjonane vi har samla inn, gir eit bilete av klassar og skular på eit bestemt tidspunkt, og slik informantane såg tilhøva då. Dersom vi hadde samla inn data på andre tidspunkt, kan det hende at resultatata hadde vorte andre.

Utval av informantar

Når ein skal gjere eit utval i ein populasjon, er utfordringa å identifisere dei variablane som faktisk bestemmer eller påverkar mest dei områda ein skal studere, og å gjere utvalet ut frå det. I dette tilfellet er eit hovudspørsmål i kva grad ulike karakteristika ved kommunar påverkar arbeidet ved skulane, i kva grad skular er ulike og i kva grad klassar/grupper er det.² Forskinga gir ikkje klare svar. I dei internasjonale undersøkingane Noreg har vore med på, skil vi oss ut med liten variasjon skular i mellom, men med stor variasjon mellom klassar (Kjærnsli, Lie, Olsen, & Roe, 2007). Samstundes viser undersøkingar at skular med bestemte kollektive kulturar skil seg positivt ut frå skular som manglar slike kulturar (Dahl, Klewe, & Skov, 2004). Endeleg er det også studiar som tyder på at det er skilnader mellom kommunar når det gjeld tilgang på faglege og andre ressursar på skuleområdet (t.d. å kunne tilsette høgt kvalifiserte lærarar eller ha skulefagleg kompetanse i kommuneleiinga), og at dette også kan påverke kvaliteten på det arbeidet som blir gjort (St.meld. nr. 31 (2007-2008)). Resultat frå Statistisk Sentralbyrå syner også at det er skilnader i skulekvalitet mellom fylke (Gravaas, Hægeland, Kirkebøen, & Steffensen, 2008). Konklusjonen er at ein i eit utval bør ta omsyn til alle desse nivåa og faktorane i utvalet.

Det er ei målsetting at vi med denne undersøkinga kan seie noko om skulen meir allment, og ikkje berre om dei stadene vi har samla inn data. Av praktiske og økonomiske grunnar valde vi å gjere eit stratifisert utval. Det vil seie at vi valde ut frå nokre definerte kriterium. Målsettinga var å få så stor variasjon i materialet som mogleg, og samstundes ha eit utval som ikkje skil seg nemnande frå dei variasjonane som finst i grunnskulen samla sett. Vi konsentrerte datainnsamlinga til tre fylke. Vi valde fylke som ligg høgt, middels og lågt på gjennomsnittlege grunnskuleresultat. Innanfor desse fylka valde vi så ut ulike kommunar. Her varierte vi kommunestorleik (Kostra-definisjonen), om det var 2 eller 3-nivåkommune, om kommunen brukte lite, middels eller mykje midlar på skule (Kostra-gruppering). Innanfor kommunane att, valde vi skular. Vi valde berre fulldelte skular. Innanfor desse varierte vi skulestorleiken etter elevtal (små, middels og store skular, jf GSI). Vi har med både reine barneskular, reine ungdomsskular og kombinerte barne- og ungdomsskular. Samtidig hadde vi eit auge for at nokre av skulane burde ha morsmålsopplæring. Vi såg også på variasjonen i omfanget av spesialpedagogiske tiltak, og fekk med skular som både har få og mange enkelttiltak. Innanfor kvar av skulane ville vi helst ha ei klasse på kvart av stega 3., 6. og 9. Ved ein del av skulane var det berre ein klasse på kvart steg. Ved nokre var det fleire klassar. Då bad vi i utgangspunktet om eit tilfeldig val mellom desse.

² Vi er klar over at omgrepet skuleklasse ikkje lenger har den klare tydinga det eingong hadde. Sidan klassedelingsreglane er oppheva, kan organiseringa av elevane i grupper, klassar osv. vere særskilt ulik frå skule til skule. Likevel har vi valt å nytte omgrepet klasse, men med den nye tydinga som opnar for at kva klasse tyder varierer.

Som alltid i slike samanhengar, måtte det til dels improviserast, fordi ikkje alle kommunar ville eller kunne gje oss tilgang, og ikkje alle skular vi hadde valt ut hadde høve til eller var i stand til å ta i mot oss. Innanfor skulane var vi også avhengige av at lærarane ville sleppe oss inn i klassane. Difor måtte utvalet av kommunar, skular og klassar justerast og supplerast etter kvart som datainnsamlinga skreid fram. Grunnstrukturen i utvalet står likevel fast, vi kan konstatere at utvalet er variert på dei variablane vi har lagt til grunn. Tabell nr. 1 - 4 viser nokre bakgrunnsopplysningar.

Tabell nr. 1. *Kommunar³ og skular*

Kommunetype:	Liten	Mellomstor	Stor	I alt
Talet på kommunar	6	6	4	16
Talet på skular i kommunane	7	10	9	26

Tabell nr. 2 *Storleiken på skulane⁴*

	Små	Mellomstore	Store	I alt
Barneskular	3	5	4	12 skular
Ungdomsskular	4	5	2	11 skular
Kombinerte skular	1	1	1	3 skular
I alt	8	11	7	26 skular

Tabell nr. 3. *Fordelinga av klassar på skuletypar*

	3. klasse	6. klasse	9. klasse	I alt
Barneskular	12	12		24 klassar
Ungdomsskular			12	12 klassar
Kombinerte skular	3	3	3	9 klassar
I alt	15 klassar	15 klassar	15 klassar	45 klassar

Tabell nr. 4. *Klassane*

	3. klasse	6. klasse	9. klasse
Gjennomsnittleg elevtal i klassane	21 elevar	23 elevar	25 elevar
Spreiinga i klassestorleik	11 – 32 elevar	11 – 37 elevar	16 – 45 elevar

³ Små kommunar har mindre enn 5000 innbyggjarar, mellomstore har mellom 5000 og 19999 og store kommunar har meir enn 20 000 innbyggjarar.

⁴ Små skular har mellom 100 og 199 elevar, mellomstore skular har mellom 200 og 299 elevar, store skular har meir enn 300 elevar.

Av opplysningane ovanfor er det grunn til å kommentere variasjonsbreidda i elevtalet for kvar klasse i tabell nr. 4. Sidan klassedelingsreglane er oppheva, kan skulane sjølve bestemme korleis elevane skal organiserast til undervisninga. Nokre skular har halde på den gamle ordninga, andre har organisert elevane i basisgrupper, samarbeidsgrupper og storgrupper. Vi har prøvd å legge til grunn at den måten elevane er organisert på i hovuddelen av undervisninga skal vere utgangspunktet for vårt omgrep ”klasse”.

I kva grad utvalet kan seiast å vere representativt, er det for tidleg å svare sikkert på. Det krev nøgnare analysar som vil kome etter kvart. I denne omgangen konstaterer vi at utvalet representerer ei stor breidde og vil på den måten vise eit mangfald i norsk skule.

I kva grad ein kan stole på resultat av undersøkinga, er for det første avhengig av kvaliteten på dei instrumenta som er nytta. Det er lagt mykje arbeid i å utforme gode kategoriar og spørsmål. Sjølv om det er uvisse knytt til innsamlinga, vil vi hevde at instrumenta gir eit godt utgangspunkt for vidare analysar.

Svarprosentane er avgjerande for i kor stor grad ein kan gå vidare og analysere data. Generelt er svarprosenten høg, men det varierer. Svarprosentane samla for heile undersøkinga går fram av tabellane 5 og 6.

Tabell nr. 5. Svarprosent elevar og foreldre

	3. klasse		6. klasse		9. klasse		Totalt	
	%	N	%	N	%	N	%	N
Elevsvar	88	277	82	288	75	282	81	847
Foreldresvar	83	262	81	285	72	271	79	818

Når det gjeld talet på lærarar på skulane er det ikkje heilt samsvar mellom opplysningane i GSI og dei vi har fått oppgjevne frå skulane. Vi har lagt skulane sine data til grunn. På spørjeskjema til lærarar og skuleleiarar er utfallet følgjande:

Tabell nr. 6. Svarprosent lærarar og skuleleiarar

	%	N
Lærarsvar	63	406
Leiarsvar	64	48

Svarprosentane følgjer eit forventa og vanleg mønster. Dei er høgast hjå elevar og foreldre, og minst hjå dei som underviser i skulen eller leier skulen. Svarprosentane er tilfredsstillande, spesielt frå dei to første gruppene. Vi seier oss også nøgde med svarprosentane frå dei tilsette ved skulane.

Det er også grunn til å understreke at dei fleste elevane i 3. klasse fylte ut skjema på skulen, under leiing av lærar. Kva dette har hatt å seie for resultatane er vanskeleg å vite utan nøgnare analysar, men det krev at ein er varsam med tolkingane. Dei fleste elevane i 6. og 9. fylte ut skjema heime, mange saman med foreldra. Også det kan ha gitt bestemte føringar på svara.

Innhaldet i denne tilbakemeldinga

Dette er den første rapporteringa frå prosjektet. Den er deskriptiv og generell. Seinare vil forskarane i prosjektet publisere grundigare og detaljerte analysar av materialet. I denne omgangen er målsettinga at skulane skal få ei rask tilbakemelding for eventuelt å kunne nytte resultatata i det interne utviklingsarbeidet.

Dei fleste resultatata kjem fram som skalaer. Det tyder at svara på spørsmål med om lag same innhaldet, er slått saman til ein skala. Fordelen med dette er for det første at ein på denne måten vil kunne gi eit sikrere bilde av kva svar som er gitt. For det andre vil ein på denne måten også kunne få formidla ein større del av materialet, enn om ein berre tok svara på kvart enkelt spørsmål. Det er formulert bestemte krav for at ein skal kunne sette saman ein skala.⁵ Desse er stort sett følgde, men i nokre av skalaene har vi godteke dårlegare vilkår (jf under).


Analyseeiningane vil variere, avhengig av kva slags informantgrupper det er tale om. Elevgruppa/klassen og klassesteget er minste analyseining for opplysningane som kjem frå observasjonane og spørjeskjema til elevar. Skulen er minste analyseininga for opplysningane frå lærarane og foreldra. Analyseininga vil også vere bestemt av talet på informantar. Der det er få informantar, og der det kan vere fare for at informantar kan identifiserast vil vi slå data saman til større grupper, eller vi gir ikkje opp resultatata. Difor kan det hende at på enkelte område vert skular analyseining i staden for klassar.

Resultat

Svaralternativa på dei aktuelle spørsmåla som er slått saman til ein skala kan variere frå todelte (ja – nei) til femdelte (aldri, sjeldan, av og til, ofte, svært ofte). Desse er overførte til ein felles skala med skåre frå 0 til 20. Ein låg skåre på skalaen tyder at det fenomenet spørsmåla tek opp førekjem sjeldan eller aldri, eller at saka det er spurt om har liten tilslutning. Dess høgare skåre ein får, dess oftare førekjem det fenomenet spørsmålet tek opp eller di meir tilslutning blir det gitt. Ein skåre på 10 kan tyde at alle har svart «av og til» på dei spørsmåla som inngår i skalaen, eller at svara fordeler seg jamt over og under det midtre alternativet.

For kvar av skalaene blir middelværdien for kvar skule/klasse oppgjeven. I tillegg til middelværdien, er spreininga i svara markert ved at intervallet frå første kvartil (25 % av svara) til tredje kvartil (75 % av svara) er innteikna. Mellom første og tredje kvartil finn ein den halvdelan av datamaterialet som ligg nærast middelværdien, altså den delen ein sit att med etter at ein har teke bort 25 % i nedste del og 25 % i øvste del av datamaterialet.

Resultata for alle klassane/ skulane blir presenterte. I rapportane til dei enkelte skulane er den aktuelle skulen markert med ei pil i figuren, slik:




⁵ Krava er desse: Item – itemkorrelasjon bør vere mellom .30 - .60. Gjennomsnittleg item – itemkorrelasjon bør vere over .30 og korrelasjon item – summeskåre bør vere over .40. Endeleg må spørsmåla ha ein innbyrdes innhaldssamanheng, det vil seie handle om det same (Ringdal, 2007), s 332 f).


Lærarsvar

Det er laga fem skalaer. Tre av dei spør etter diskusjon med foreldre i engelsk, norsk og matematikk. Svarprosenten på desse spørsmåla frå lærarane er relativt låg. Av dei som leverte spørjeskjema var det 50 % som svarte på desse spørsmåla når det gjeld engelsk, 56 % når det gjeld norsk, og 55 % for matematikk. Sannsynlegvis er grunnen at mange ikkje underviser i desse faga. Kva som ligg i dei ulike skalaene blir forklart nedanfor. Resultata er presenterte på skulenivå.


Skalaen «Kollegadiskusjon» gir ein indikasjon på kor ofte lærarane diskuterer med kollegaene sine om korleis ein vel å arbeide med tema som problemåtferd, spesialundervisning, tilpassa opplæring, elevvurdering, klasseleiing, tverrfagleg arbeid, fag og faglege opplegg. Svarprosenten på spørsmåla i denne skalaen er høg, 98 % av dei som leverte spørjeskjema har svart på desse spørsmåla.




Skalaen «Diskutere med foreldre» viser kor ofte den enkelte lærar diskuterer med foreldre eller føresette korleis han bør arbeide med problemåtferd, spesialundervisning, tilpassa opplæring, fag og faglege opplegg. Svarprosenten er også her høg, i 96 % av innleverte skjema er det svart på desse spørsmåla.




Skalaen «Diskutere engelskundervisning med foreldre» er sett saman av spørsmål om kor ofte den enkelte lærar diskuterer med foreldra innhald og arbeidsmåtar i engelsk, eleven sine faglege prestasjonar i engelsk og korleis eleven trivst på skulen i engelsk.



Skalaen «Diskutere norskundervisning med foreldre» er sett saman av spørsmål om kor ofte den enkelte lærar diskuterer med foreldra innhald og arbeidsmåtar i norsk, eleven sine faglege prestasjonar i norsk og korleis eleven trivst på skulen i norsk.



Skalaen «Diskutere matematikkundervisning med foreldre» er sett saman av spørsmål om kor ofte den enkelte lærar diskuterer med foreldra innhald og arbeidsmåtar i matematikk, eleven sine faglege prestasjonar i matematikk og korleis eleven trivst på skulen i matematikk.




Elevsvar

Data om elevane er presenterte klassevis.


3. klasse

Det er laga to skalaer ut frå spørsmåla til 3.klassingar. Svarprosenten på spørsmåla er høg for begge skalaene, 91 % og 92 % av innleverte skjema.

Skalaen «Heimeinteresse» går på om eleven gjer lekser heime, får hjelp med leksene heime og at dei vaksne heime viser interesse for skulen.




Skalaen «Like skule» går både på trivsel og eigen aktivitet i timane. Det er spurt både om å like faga og å få til faga norsk, matematikk og engelsk.




6. klasse

Svarprosentane på spørsmåla som ligg til grunn for skalaene er svært høge, dei ligg mellom 94 % og 96 %.


Skalaen «Hjelp heime» går på om dei vaksne heime viser interesse for skulen og hjelper med leksene i faga norsk, matematikk og engelsk.




Skalaen «Like skule» går på trivsel og læring på skulen. Under trivsel kjem også eigenaktivitet og medbestemming inn.




Spørsmåla som ligg til grunn for skalaen «Like engelsk» gjeld både trivsel og eigen aktivitet i engelsktimane, om eleven får gjort det han eller ho skal og om eleven føler at eigen arbeidsinnsats i faget er tilfredsstillande.



Spørsmåla som ligg til grunn for skalaen «Like norsk» gjeld både trivsel og eigen aktivitet i norsktimane, om eleven får gjort det han eller ho skal og om eleven føler at eigen arbeidsinnsats i faget er tilfredsstillande.




Spørsmåla som ligg til grunn for skalaen «Like matematikk» gjeld både trivsel og eigen aktivitet i matematikktimane, om eleven får gjort det han eller ho skal og om eleven føler at eigen arbeidsinnsats i faget er tilfredsstillande.




9. klasse

Spørsmåla elevane svarte på var påstandar. Svaralternativa var: «ofte», «av og til», «sjeldan» og «aldri». Svarprosentane på alle spørsmåla i alle skalaene er høge og varierer mellom 91 % og 98 % av innleverte skjema.


Skalaen «Hjelp heime» inneheld spørsmål som går på om dei vaksne heime viser interesse for skulen og hjelper med leksene i faga norsk, matematikk og engelsk.




Skalaen «Like skule» gjeld trivsel og læring på skulen. Spørsmåla gjeld eigenaktivitet, medbestemming om eleven lærer på skulen og får den hjelp av læraren han eller ho treng.




Skalaen «Like engelsk» gjeld spørsmål både om trivsel og om eigen aktivitet i engelsktimane, om eleven får gjort det han eller ho skal og om eleven føler at eigen arbeidsinnsats i faget er tilfredsstillande.




Skalaen «Støtte i engelsk» gjeld spørsmål om eleven opplever å få støtte og hjelp av lærarane i faget gjennom oppmuntring, tilbakemeldingar og medverking i vurdering av eige arbeid.




Skalaen «Variert engelsk» gir elevane sine svar på spørsmål om kor variert undervisninga er i arbeidsmåtar og stofftilfang.




Skalaen «Like norsk» gjeld spørsmål både om trivsel og om eigen aktivitet i norsktimane, om eleven får gjort det han eller ho skal og om eleven føler at eigen arbeidsinnsats i faget er tilfredsstillande.




Skalaen «Støtte i norsk» gjeld spørsmål om eleven opplever å få støtte og hjelp av lærarane i faget gjennom oppmuntring, tilbakemeldingar og medverking i vurdering av eige arbeid.




Skalaen «Variert norsk» gir elevane sine svar på spørsmål om kor variert undervisninga er i arbeidsmåtar og stofftilfang.




Skalaen «Like matematikk» gjeld spørsmål både om trivsel og om eigen aktivitet i matematikktimane, om eleven får gjort det han eller ho skal og om eleven føler at eigen arbeidsinnsats i faget er tilfredsstillande.



Skalaen «Støtte i matematikk» gjeld spørsmål om eleven opplever å få støtte og hjelp av lærarane i faget gjennom oppmuntring, tilbakemeldingar og medverking i vurdering av eige arbeid.




Skalaen «Variert matematikk» gir elevane sine svar på spørsmål om kor variert undervisninga er i arbeidsmåtar og stofftilfang.




Foreldresvar

Spørsmåla til foreldra er summerte opp i 8 skalaer: «Variert undervisning», «Tilpassa opplæring», «Elevutbytte», «Elev-lærarkontakt», «Læringstrykk», «Informasjon til foreldre», «Krav til foreldreinnsats» og «Foreldreinnverknad». Kva som ligg i dei ulike skalaene blir forklart nedanfor. Ved dei skulane der vi var i fleire klassar, er svara til foreldra i desse klassane slått saman.


Skalaen «Variert undervisning» er uttrykk for foreldra si oppfatning av i kva grad skulen nyttar varierte arbeidsmåtar tilpassa føresetnadene til barnet, til fag og innhald generelt og i norsk-, engelsk- og matematikkundervisninga. Den samla svarprosenten på spørsmåla i denne skalaen er låg, 55 % av innleverte skjema.




Skalaen «Tilpassa opplæring» viser foreldra si vurdering av om dei faglege utfordringane er godt tilpassa barnet sine føresetnader, og om elevens interesser vert trekte inn i undervisninga, særleg i norsk-, engelsk- og matematikkundervisninga. Den samla svarprosenten på spørsmåla i denne skalaen er sær s låg, 45 % av innleverte skjema.




Skalaen «Elevutbytte» er uttrykk for foreldra si vurdering av kor godt utbytte barnet har av undervisninga i skulen, samla, og i faga norsk, engelsk og matematikk. Den samla svarprosenten på spørsmåla i denne skalaen er høg, 85 %.




Skalaen «Elev-lærarkontakt» er uttrykk for korleis foreldra opplever kontakten mellom barnet og lærarane, og om lærarane er opptekne både av korleis barnet har det og av den faglege utviklinga til barnet. Den samla svarprosenten på spørsmåla i denne skalaen er høg, 91 % av innleverte skjema.




Skalaen «Læringstrykk» viser foreldra si oppleving av om skulen legg vekt på læring og stiller faglege krav til elevane. Den samla svarprosenten på spørsmåla i denne skalaen er høg, 89 %.




Skalaen «Informasjon til foreldre» handlar om kva foreldra synest om den informasjonen som skulen gir om skolens lovverk, læreplanar, lærebøker og undervisningsopplegg. Det er også spurt om kor nøgde dei er med informasjon om eige barn si sosiale og skulefaglege utvikling. Den samla svarprosenten på spørsmåla bak skalaen er høg, 93 %.



Skalaen «Krav til foreldreinnsats» viser foreldra si oppleving av forventningar skulen stiller til dei når det gjeld oppfølging av lekser og deltaking i aktivitetar i skulens regi. Merk at låg skåre tyder at foreldra opplever at det vert stilt for høge forventningar til dei, medan høg skåre tyder at dei ikkje opplever for høge forventningar. Den samla svarprosenten på denne skalaen er høg, 95 % av innleverte skjema.



Skalaen «Foreldreinnverknad» gjeld om foreldra opplever å kunne ha innverknad på undervisningsopplegget for eige barn og kor vidt dei har dialog med lærar om eige barns utvikling og læring. Den samla svarprosenten på spørsmåla i denne skalaen er høg, 89 %.




Klasseromsobservasjonar

Kvar av dei 45 klassane er følgde kontinuerleg ei heil veke. Registreringa er gjort på eit standard skjema, med i alt 65 faste kategoriar som er delte inn i fire hovudområde: Kva læraren gjer, kva ein utvald elev gjer, kva klassen gjer og kva det faglege innhaldet i verksemda går ut på. I tillegg er det registrert nokre bakgrunnsopplysningar.


I denne utgåva av rapporten viser vi gjennomsnittet for alle klassane i undersøkinga på kvart av stega 3, 6 og 9. Presentasjonen viser også variasjonsbreidda på kvart klassesteg (minimums- og maksimumsverdiane) i materialet.

I presentasjonen av observasjonsdata er det laga nokre samlekategoriar som summerer opp resultatane, og som gir ei oversikt over hovudtendensane i materialet. Det er etablert sju samlevvariablar for å gje svar på det som er hovudproblemstillinga for observasjonane: Kva ein brukar tid til i undervisninga i skulen.


1. «Kollektiv læraraktivitet»: Lærar arbeider med heile klassen/gruppa, t.d. gir beskjed, presenterer fagstoff, samtalar med elevane i fellesskap.
2. «Individuell læraraktivitet»: Lærar arbeider direkte med enkeltelevar, t.d. kontrollerer elevarbeid, rettleier.
3. «Samla fag»: Den tida som går med til skulefagleg aktivitet.
4. «Ikkje fag»: Den tid som går med til ikkje skulefagleg aktivitet, så som mat, transport, garderobe, disiplinering og venting.
5. «Arbeidsoppgåver»: Elevane er engasjerte med arbeidsoppgåver.
6. «Elevane lyttar»: Elevane lyttar til lærar og/eller medelevar.
7. «Eleven passiv»: Utvald elev som blir observert er passiv.



Tidsbruk gjennomsnitt 6. kl.



Tidsbruk gjennomsnitt 9. kl.



Ein generell kommentar til resultatane

Dei data som er lagt fram i denne rapporten gir sjølvstøtt berre eit grovt bilete av tilhøva ved skulane. Nøgnare analysar vil sannsynlegvis gje mykje meir innsikt og informasjon. Nokre interessante trekk går att, og som vi vil peike på innleiingsvis.

For mange av klassane gjeld at summen av «ikkje fag» og «samla fag» ikkje er 100 %. Forklaringa er dels at klassane kan vere delte, og halde på med ulik aktivitet eller dei kan halde på med aktivitet som vi har koda som «anna», t.d. å gå på tur, skidag, elevar underhald kvarandre ol.

Det mest slåande i alle figurane er dei positive tilbakemeldingane som kjem frå så å seie alle informantane. På eit stort fleirtal av skalaene er hovuddelen av svara på den mest positive sida av det teoretiske gjennomsnittet. Dei aller fleste informantane gir eit godt bilete av skulen. Dei negative framstillingane av skulen dominerer ofte i debatten og i media. Dei finn vi ikkje i dette datamaterialet. Skulen får positiv omtale både frå elevar, foreldre og lærarar.

Eit anna særtrekk er kor likt det er svart og handla skulane og klassane i mellom. Vi konstaterer at svarmønstra er nokså samstemte, og går i same retninga. Eit døme på dette er svarprosentane på to av skalaene til foreldra: skalaen «Variert undervisning» og skalaen «Tilpassa opplæring». Svarprosentane er svært låge, høvesvis 55 % og 45 %. Til samanlikning er svarprosentane på spørsmåla i dei andre skalaene rundt 90 %. Sannsynlegvis tyder det at mange foreldre ikkje har kunnskapar om eller kjennskap til det som konkret går føre seg i klasserommet, og om det er i samsvar med dei føresetnadene eige barn har for læring og utvikling i skulen.

Samstundes er det også typisk at på mange felt er det store variasjonar mellom klassar. Skulen er med andre ord ikkje den same over alt, sjølv om mykje er likt.

Oppsummering

I denne avsluttande delen av tilbakemeldinga får den enkelte skulen ei stutt oppsummering av resultatane frå sin skule. Vi summerer opp plasseringane skulen har fått på dei ulike skalaene etter ei tredeling av det totale materialet. For kvar skala vert den lågaste tredjedelen av skulane plassert i kategorien under middels, den neste tredjedelen i middels og resten i over middels. Denne inndeling vert altså gjort ut frå ei samanlikning med dei andre skulane, ikkje ut frå plasseringa på skalaen frå 0 til 20. Ein kan dermed få ei plassering under middels sjølv om ein kjem ganske høgt ut på skalaen frå 0 til 20, dersom snittet for alle skulane er høgt.

Tabell nr. 7. Oppsummering

	Skala	Under middels	Middels	Over middels
Lærarar:	Kollegadiskusjon			
	Diskutere m foreldre			
	Diskutere engelsk m foreldre			
	Diskutere norsk m foreldre			
	Diskutere matematikk m foreldre			
Elevar 3. trinn:	Heimeinteresse			
	Like skule			
Elevar 6. trinn:	Hjelp heime			
	Like skule			
	Like engelsk			
	Like norsk			
	Like matematikk			
Elevar 9. trinn:	Hjelp heime			
	Like skule			
	Like engelsk			
	Støtte i engelsk			
	Variert engelsk			
	Like norsk			
	Støtte i norsk			
	Variert norsk			
	Like matematikk			
	Støtte i matematikk			
	Variert matematikk			
Foreldre:	Variert undervisning			
	Tilpassa opplæring			
	Elevutbytte			
	Elevkontakt med lærar			
	Læringstrykk			
	Informasjon til foreldre			
	Krav til foreldreinnsats			
	Foreldreinnverknad			

Avslutning

Korleis resultata frå dei enkelte skulane og klassane kan tolkast og forståast kan forskargruppa ikkje ta stilling til i denne omgangen. Rapporten har gitt eit bilete av tilhøva ved skulen, slik dei har kome fram i den undersøkinga som er gjort. Vi håper at informasjonane kan vere av interesse for skulane, og at skulane sjølve kan diskutere bakgrunnen for resultata ut frå eigen kjennskap til skulen, elevane og tilhøva rundt.

Litteratur

- Bachmann, K. E., & Haug, P. (2006). *Forskning om tilpasset opplæring*. Volda: Høgskulen i Volda.
- Dahl, T., Klewe, L., & Skov, P. (2004). *En skole i bevegelse. Evaluering af satsningen på kvalitetsudvikling i den norske grundskole*. København: Danmarks Pædagogiske Universitets Forlag.
- Gravaas, B. C., Hægeland, T., Kirkebøen, L. J., & Steffensen, K. (2008). *Skoleresultater 2007. En kartlegging av karakterer fra grunnskoler og videregående skoler*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Haug, P. (red.). (2006). *Begynnaropplæring og tilpassa undervisning*. Bergen: Caspar Forlag.
- Haug, P., & Bachmann, K. (2007). Grunnlegjande element for forståing av tilpassa opplæring. I G. D. Berg & K. Nes (red.), *Kompetanse for tilpasset opplæring*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.
- Kjærnsli, M., Lie, S., Olsen, S. V., & Roe, A. (2007). *Tid for tunge løft. Norske elevers kompetanse i naturfag, lesing og matematikk i PISA 2006*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ringdal, K. (2007). *Enhet og mangfold. 2. utgave*. Bergen: Fagbokforlaget.
- St.meld. nr. 31 (2007-2008). *Kvalitet i skolen*.

Vedlegg. Spørsmåla/påstandane som inngår i skalaene.

Spørsmåla/påstandane som inngår i skalaene for lærarar:

Kollegadiskusjon

Hvor ofte diskuterer du følgende tema med dine lærerkollegaer?

Hvordan en skal arbeide med ...

- fag og faglige opplegg
- tverrfaglighet
- klasseledelse
- elevvurdering
- tilpassa opplæring
- spesialundervisning
- problematferd

Diskutere med foreldre

Hvor ofte forekommer det at du diskuterer med foreldre/foresatte hvordan du i klassen bør arbeide med...

- fag og faglige opplegg?
- tilpassa opplæring?
- spesialundervisning?
- problematferd?

Diskutere engelskundervisning med foreldre

Hvor ofte forekommer det at du diskuterer innhold og arbeidsmåter i engelsk med foreldre/foresatte?

Hvor ofte forekommer det at du diskuterer elevens faglige prestasjoner i engelsk med foreldre/foresatte?

Hvor ofte forekommer det at du informerer foreldre/foresatte om elevens arbeid i engelsk?

Hvor ofte forekommer det at du diskuterer hvordan eleven trives på skolen i engelsk med foreldre/foresatte?

Diskutere norskundervisning med foreldre

Hvor ofte forekommer det at du diskuterer innhold og arbeidsmåter i norsk med foreldre/foresatte?

Hvor ofte forekommer det at du diskuterer elevens faglige prestasjoner i norsk med foreldre/foresatte?

Hvor ofte forekommer det at du informerer foreldre/foresatte om elevens arbeid i norsk?

Hvor ofte forekommer det at du diskuterer hvordan eleven trives på skolen i norsk med foreldre/foresatte?

Diskutere matematikkundervisning med foreldre

Hvor ofte forekommer det at du diskuterer innhold og arbeidsmåter i matematikk med foreldre/foresatte?

Hvor ofte forekommer det at du diskuterer elevens faglige prestasjoner i matematikk med foreldre/foresatte?

Hvor ofte forekommer det at du informerer foreldre/foresatte om elevens arbeid i matematikk?

Hvor ofte forekommer det at du diskuterer hvordan eleven trives på skolen i matematikk med foreldre/foresatte?

Spørsmåla/påstandane som inngår i skalaene for elevvar 3. kl.:

Heimeinteresse

Eg gjer lekser heime

Nokon heime høyrer meg i leseleksa

Det er viktig for den/dei vaksne heime at eg gjer det bra på skulen

Eg snakkar om skolen med den/dei vaksne heime

Like skule

Eg lærer mykje på skulen

Eg trivst på skulen

Eg likar å svare på spørsmål i timane

Eg får hjelp av lærarane når eg treng det

Eg følgjer godt med i timane når lærarane forklarar

Eg likar lesing og skriving

Eg likar matte

Eg likar engelsk

Eg får til lesing og skriving

Eg får til matte

Eg får til engelsk

Spørsmåla/påstandane som inngår i skalaene for elevvar 6. kl.:

Hjelp heime

Nokon heime høyrer meg i leksa

Eg snakkar om skulen med den/dei vaksne heime

Eg får hjelp heime med leksene i matematikk

Eg får hjelp heime med leksene i engelsk

Eg får hjelp heime med leksene i norsk

Like skule

Eg lærer mykje på skulen

Eg trivst på skulen

Eg likar å svare på spørsmål i timane

Eg får hjelp av lærarane når eg treng det

På skulen vår får vi vere med på å bestemme

Like engelsk

Eg får gjort det eg skal i engelsktimane

Eg trivst godt i engelsktimane

Eg likar faget engelsk

Eg arbeider mykje i engelsk

Eg får til engelsk

Eg følgjer godt med når læraren forklarar noko i engelsktimane

Eg likar å svare på spørsmål frå læraren i engelsktimane

Like norsk

Eg får gjort det eg skal i norsktimane
Eg trivst godt i norsktimane
Eg likar faget norsk
Eg arbeider mykje i norsk
Eg får til norsk
Eg følgjer godt med når læraren forklarar noko i norsktimane
Eg likar å svare på spørsmål frå læraren i norsktimane

Like matematikk

Eg får gjort det eg skal i matematikktimane
Eg trivst godt i matematikktimane
Eg likar faget matematikk
Eg arbeider mykje i matematikk
Eg får til matematikk
Eg følgjer godt med når læraren forklarar noko i matematikktimane
Eg likar å svare på spørsmål frå læraren i matematikktimane

Spørsmåla/påstandane som inngår i skalaene for elevar 9. kl.:**Hjelp heime**

Nokon heime høyrer meg i leksa
Eg snakkar om skulen med den/dei vaksne heime
Eg får hjelp heime med leksene i matematikk
Eg får hjelp heime med leksene i engelsk
Eg får hjelp heime med leksene i norsk

Like skule

Eg lærer mykje på skulen
Eg trivst på skulen
Eg likar å svare på spørsmål i timane
Eg får hjelp av lærarane når eg treng det
På skulen vår får vi vere med på å bestemme

Like engelsk

Eg får gjort det eg skal i engelsktimane
Eg trivst godt i engelsktimane
Eg likar faget engelsk
Eg arbeider mykje i engelsk
Eg får til engelsk
Eg følgjer godt med når læraren forklarar noko i engelsktimane
Eg likar å svare på spørsmål frå læraren i engelsktimane

Støtte i engelsk

Lærarane i engelsk oppmuntrar meg til å gjere mitt beste
Eg er med og vurderer eige arbeid i engelsk saman med lærarane
Lærarane i engelsk gir meg skriftlege kommentarar på arbeidet mitt
Lærarane er gode til å variere undervisninga i engelsk

Variert engelsk

Eg lærer av andre elevar i engelsk

I engelskfaget lærer vi korleis vi kan framføre/presentere noko munnleg

Eg får velje mellom ulike oppgåvetypar i engelsk

Eg er med på å lage arbeidsplanar i engelsk

Eg er med og vurderer eige arbeid i engelsk saman med lærarane

Lærarane er gode til å variere undervisninga i engelsk

Like norsk

Eg får gjort det eg skal i norsktimane

Eg trivst godt i norsktimane

Eg likar faget norsk

Eg arbeider mykje i norsk

Eg får til norsk

Eg følgjer godt med når læraren forklarar noko i norsktimane

Eg likar å svare på spørsmål frå læraren i norsktimane

Støtte i norsk

Lærarane i norsk oppmuntrar meg til å gjere mitt beste

Eg er med og vurderer eige arbeid i norsk saman med lærarane

Lærarane i norsk gir meg skriftlege kommentarar på arbeidet mitt

Lærarane er gode til å variere undervisninga i norsk

Variert norsk

Eg lærer av andre elevar i norsk

I norskfaget lærer vi korleis vi kan framføre/presentere noko munnleg

Eg får velje mellom ulike oppgåvetypar i norsk

Eg er med på å lage arbeidsplanar i norsk

Eg er med og vurderer eige arbeid i norsk saman med lærarane

Lærarane er gode til å variere undervisninga i norsk

Like matematikk

Eg får gjort det eg skal i matematikktimane

Eg trivst godt i matematikktimane

Eg likar faget matematikk

Eg arbeider mykje i matematikk

Eg får til matematikk

Eg følgjer godt med når læraren forklarar noko i matematikktimane

Eg likar å svare på spørsmål frå læraren i matematikktimane

Støtte i matematikk

Lærarane i matematikk oppmuntrar meg til å gjere mitt beste

Eg er med og vurderer eige arbeid i matematikk saman med lærarane

Lærarane i matematikk gir meg skriftlege kommentarar på arbeidet mitt

Lærarane er gode til å variere undervisninga i matematikk

Variert matematikk

Eg lærer av andre elevar i matematikk

I matematikkfaget lærer vi korleis vi kan framføre/presentere noko munnleg

I matematikk diskuterer vi ulike løysingsmåtar på ei og same oppgåve

Eg får oppgåver i matematikk der eg må gjere målingar og utrekningar utanfor skulen

Eg er med på å lage arbeidsplanar i matematikk

Eg er med og vurderer eige arbeid i matematikk saman med lærarane

Lærarane er gode til å variere undervisninga i matematikk

Spørsmåla/påstandane som inngår i skalaene for foreldre/føresette:

Variert undervisning

I skulen si undervisning vert det nytta varierte arbeidsmåtar

I matematikkundervisninga er arbeidsmåtene varierte

I norskundervisninga er arbeidsmåtene varierte

I engelskundervisninga er arbeidsmåtene varierte

Skulen gir faglege utfordringar som er tilpassa barnet sine føresetnader

Skulen nyttar varierte arbeidsformer som er tilpassa fag og innhald

Tilpassa opplæring

Dei totale faglege utfordringane er godt tilpassa føresetnadene til barnet mitt

Elevane sine interesser vert trekte inn i undervisninga

Dei faglege utfordringane i matematikk er godt tilpassa føresetnadene til barnet mitt

Elevane sine interesser vert trekte inn i matematikkundervisninga

Dei faglege utfordringane i norsk er godt tilpassa føresetnadene til barnet mitt

Elevane sine interesser vert trekte inn i norskundervisninga

Dei faglege utfordringane i engelsk er godt tilpassa føresetnadene til barnet mitt

Elevane sine interesser vert trekte inn i engelskundervisninga

Elevutbytte

Barnet mitt har stort utbytte av undervisninga på skulen

Barnet mitt har stort utbytte av undervisninga i matematikk

Barnet mitt har stort utbytte av undervisninga i norsk

Barnet mitt har stort utbytte av undervisninga i engelsk

Elev-lærarkontakt

Det er lett for barnet mitt å snakke med lærarane

Barnet mitt har dårleg kontakt med lærarane

Lærarane er opptekne av den faglege utviklinga til barnet mitt

Lærarane er opptekne av korleis barnet mitt har det

Læringstrykk

Skulen legg så stor vekt på trivselen til borna at det går ut over fagleg læring

Skulen stiller for lave faglege krav til elevane

Elevane må pugge for lite

For mykje leik i timane går utover det faglege utbyttet

Skulen er for lite oppteken av læring

Informasjon til foreldre

Eg har fått god informasjon om lovverket som gjeld for skulen

Eg har fått god informasjon om dei nye læreplanane

Skulen informerer godt om innhaldet i dei lærebøkene som barnet mitt brukar på skulen

Skulen har gitt god informasjon om retten til å klage og saksgangen i klagesaker

Eg får god informasjon om barnet si skulefaglege utvikling

Eg får god informasjon om barnet si sosiale utvikling

Eg får god informasjon om barnet sitt undervisningsopplegg

Eg får god informasjon om endringar som vert gjorde i barnet sitt undervisningsopplegg

Krav til foreldreinnsats

Skulen ventar for stor innsats frå meg når det gjeld oppfølging av lekser

Eg er usikker på kva som er venta av meg når det gjeld samarbeid med skulen

Skulen ventar for stor innsats av meg i samband med aktivitetar i skulen sin regi (t.d. bevertning, dugnad, køyring)

Foreldreinnverknad

Lærarane syner interesse for mine synspunkt på barnet si læring og utvikling

Eg drøftar ofte måten det vert undervist på med lærarane

Eg har høve til å ha innverknad på undervisningsopplegga til barnet mitt

Eg har innverknad på reglane for framferd på skulen

Eg har innverknad på korleis undervisninga for barnet mitt vert organisert (bruk av gruppeundervisning, einetimar eller liknande)

Eg og læraren snakkar godt saman om opplæringa til barnet mitt